



# Tryggheimhelsing



Ryddedag langs  
Jærstrendene  
s. 7



Narkosøk  
s. 8



Misjonsløp usk  
s. 6  
Misjonsløp vgs  
s. 10-11



s. 12

# Misjon

Wake me up!

# Rektor har ordet



Gjermund Viste

## Ønskjer politikarane mindre byråkrati og meir rettferd?

Du tenkjer kanskje at svaret er innlysande, men svaret på spørsmålet er: Nei, ikkje alltid! Det gjeld f.eks. ikkje når det er snakk om teljetidspunkt for elevtal og 20-dagarsregelen (fråvær). Men viss teljedato 1. april verkeleg er eit insentiv for å halde på elevar i vidaregåande opplæring – ja, så la det innførast også på offentlege skular – for å få høgare gjennomføring.

### Forslag til ny økonomiforskrift til friskulelova

Utdanningsdirektoratet (Udir) foreslår å erstatte dagens økonomiforskrift til friskulelova (frå 2007) med ei ny forskrift. Det er mange gode endringsforslag. Du kan lese heile høyringsforslaget på [www.udir.no/om-udir/hoyringar](http://www.udir.no/om-udir/hoyringar)

### Teljetidspunkt for elevar på vidaregåande skular

«Utdanningsdirektoratet erfarer at mange av de vidaregåande skolene har lavere elevtall i vårsemesteret sett opp mot høstsemesteret. ... Dersom telledato per 1. april faller bort, vil et insentiv til å holde på elevar falle bort. Utdanningsdirektoratet ser det som hensiktsmessig med to telletidspunkt for frittstående vidaregåande skoler og foreslår at dette videreføres i ny forskrift» (sitat slutt). Politikarane held stadig fram at dei ønskjer å redusere byråkratiet. Når det gjeld teljetidspunkt for elevar på vgs er det mogleg å kombinere både meir likebehandling mellom friskular og offentlege skular, og samtidig få ein reduksjon av byråkratiet.

La det vere ei teljing også på friskulane, som det allereie er i dag på offentlege vgs, nemleg 1. oktober. Då forsvinn teljinga 1. april på vidaregåande friskular. Dette er ei teljing som krev ein del arbeid på friskulane (eit arbeid dei ikkje får betaling for, for arbeidet vert ikkje fanga opp i Kostra-grunnlaget). Både friskulane, Udir og delvis Kunnskapsdepartementet ville då få redusert unødvendig arbeid ved å gå frå to teljingar til ei teljing. Vi trur ikkje at insentivet med elevteljing 1. april har stor verdi verken på friskular eller offentlege skular. Lærarar og rådgjevarar jobbar tett på elevar som slit, dei ser eleven og har fokus på han eller ho. Dei strekker seg langt! Dei veit ofte ikkje eingong om at det er eller når det er elevteljing – langt mindre tenkjer på det! Og etter teljedatoen er det ingen som senker skuldrene viss det er mogleg å bidra til at ein gut eller jente kan fullføre.

### 20-dagarsregelen

Det som også er knytt til elevteljingane er 20-dagarsregelen for fråvær. Meir enn 20

dagar udokumentert fråvær gjer ikkje noko med elevstatus for eleven, men friskulen får då ikkje tilskott for denne eleven. Også dette fører til ein del byråkrati. Det gjeld teljing av fråvær, dokumentasjon, dispensasjonssøknadar til Udir og eventuelt ankesaker til Kunnskapsdepartementet. La det vere likt for begge skuleslag. Viss Udir meiner dette er ein fornuftig regel for høgare gjennomføring i vidaregåande opplæring, så la han gjelde for alle elevar i vidaregåande opplæring. Men det mest fornuftige vil vere å ta fråværsregelen vekk. Det vil føre til meir likebehandling og redusere byråkratiet. Det er også viktig å nemne at det for nokre av desse elevane kan vere ekstra arbeid for lærarar, rådgjevarar og sosiallærarar – meir arbeid enn normalt. Det tek vi gjerne. Så det er heilt rett at offentlege skular framleis får rekne desse elevane inn i sitt elevtal. Og av same grunn er det logisk og heilt naturleg å tenke likt om friskulane. No er ei mykje og lenge omtala urettferd på høyring. No har politikarane høve til å avvikle denne ekstrateljinga og dette ekstra byråkratiet for friskulane og samtidig rette opp denne skeivskapen.

### Ferdiglagte gjerningar

Vi ønskjer fokus på læring, vekst og tru. Dag etter dag får vi stå i meningsfulle oppgåver. Om lag 500 elevar og lærarar stilte til start då Hå-ordførar Jonas Skrettingland (KrF) sprang i gang eit årleg arrangement på Tryggheim vgs. måndag 30. april. Etter mykje sveitte, mange rundar, utdeling av frukt og styrkedråpar og ikkje minst mykje sosialt og moro, vart det klart at misjonsløpet i år resulterte i over 630.000 kroner til bistand og misjon i Indonesia. Takk for omsorg og forbøn! Vi helsar med Ordspr. 3,5-6; "Lit på Herren av heile ditt hjarta, og set ikkje lit til vitet ditt! Kjennast ved han på alle dine vegar! Så skal han gjera dine stigar rette."

Gjermund Viste

1. Joh 4,10: «I dette er kjærligheten, ikke at vi har elsket Gud, men at han har elsket oss og sendt sin Sønn til soning for våre synder.»

Vi mennesker er flinke til å ha fokuset på oss selv, også i vårt forhold til Gud. Men vårt forhold til Gud handler ikke om hva vi mennesker gjør, men det handler om hva Gud gjør. Om vi så elsker Gud av hele vårt hjerte og av hele vår forstand, så hjelper det ikke, hvis ikke Gud elsker oss.

Vi kan prøve så godt vi kan å holde alle budene og gjøre Guds vilje til enhver tid, men ikke noe menneske greier å leve et liv uten synd, og derfor kommer vi ingen vei av oss selv. Det er at Gud elsker oss og sendte sin Sønn til soning for våre synder som frelser oss fra synden, og som gjør oss syndfrie ovenfor Gud.

En rik ung mann spurte Jesus om hva han kunne gjøre for å få evig liv. Mannen mente han hadde holdt budene, men Jesus sa at han måtte også selge alt han eide og gi til de fattige. Da gikk den unge mannen bedrøvet bort for han trodde han skulle gjøre seg fortjent til det evige livet. Men Jesus setter ham på plass, og presiserer at det er lettere for en kamel å gå gjennom et



nåløye enn for en rik å gå inn i Guds rike. Disiplene ble overrasket og lurte på hvem som da kunne bli frelst. Da sier Jesus: «For mennesker er dette umulig, men for Gud er alt mulig». Den rike unge mannen kan ikke frelse seg selv, det er umulig, men for Gud er alt mulig.

Men uansett hvor enkelt det egentlig er, så kan tvilen komme. Er det sikkert at jeg er en kristen? Er det sikkert at jeg tror på den riktige måten? Ber jeg nok? Leser jeg nok



Geir Magne Karlsen

i Bibelen? Jeg tenker og gjør så mye galt, kan jeg egentlig være en kristen? Det er naturlig at en som kristen får slike spørsmål. Men likevel så er det ikke hva jeg får til det handler om. «For av nåde er dere frelst, ved tro, og det er ikke av dere selv, det er Guds gave.» (Ef 2,8).

I Lukas 18 kan vi lese om fariseeren som takket Gud for hvor god han selv var, mens tolleren sa bare: «Gud, vær meg synde nådig!». Det var tolleren som var rettferdig for Gud, for han stolte ikke på seg selv, men på det Gud hadde gjort.

Stol på Gud, ta imot Guds gave som er at han elsker oss så høyt at han sendte sin Sønn til soning for våre synder.

## Knekte kodar til tusen(vis).

# Aldri så smart at det ikkje er godt for noko

■ Tekst: Sofie Braut  
■ Foto: Torbjørn Moe Eggebø

At det er skarpe hjernar i sving på Tryggheim, er det mange som kjenner til, og det overraska neppe mattelæraren at det nettopp var R2-gjengen frå skulen vår som tok heim den gjeve Kodeknekkeren-sigeren dette året. Men om ein er aldri så smart er det godt gjort å halda hovudet kaldt nett når det gjeld, når tusenlappane ligg stabla opp til næraste vinnarskalle og den knivskarpe konkurransen med andre heidershungrige matteentusiastar dreg seg til.

Kodeknekkeren er ein årleg konkurranse for vgs-elevlar i Rogaland arrangert av Vitenfabrikken, der elevane i to omgangar knivar om førstepremiepotten. I første runde sender klassar via læraren sin inn svar på oppgåver, og ut frå denne runden vert representantar for dei beste klassane kvalifisert til ny runde på Vitenfabrikken, der dei konkurrerer mot lag frå andre skular om topp-plasseringa. I år møttest ni lag frå skular i fylket til finale 16. mars for å bryna seg på oppgåver laga av professor Mike Naylor. Dei nemnde 20 000 ligg på konkurransedagen innelåst i ein safe, og oppgåvene skal leia elevane fram til koden som opnar safen. Laget som raskast leverer inn svaret får vera først til å prøva å låsa opp safen. Denne gongen greidde altså utsendin-



Simen Aanestad (3STB), Daniel Vorhaug (3PBB), Tormod Nygård (3PBA) og Jørgen Bjerga (3STA) med dei synlege bevisa på sigeren i Kodeknekkeren 2018.

gane frå R2-klassen ved Tryggheim prikkfri oppgaveløysing i pulsframkallande tempo, safen opna seg, og dermed var det berre å forsyna seg av prispengar, prestisje og alskens andre plusspoeng i mattemiljøet.

# Fordjupingsfinalist

Kristine H. Viste var ein av seks utvalde i årets fordjupingsmeisterskap.

■ Tekst og foto: Henrik Foss

Påbygg-eleven frå Nærbo er lidenskapleg oppteken av litteraturen til J.R.R. Tolkien. Då vg3-elevane på skulen arbeidde med fordjupingsoppgåva i norsk tidlegare i år, valde Kristine Handegård Viste problemstillinga «Hvilke paralleller kan vi trekke mellom Silmarillion av J.R.R. Tolkien og Det gamle testamentet?»

Kristine var ein av elevane frå Sør-Rogaland som kom gjennom nålauga og kvalifiserte seg til fordjupingsmeisterskapen på Garborgsenteret fredag 6. april. I løpet av sin 15 minutt lange presentasjon kommenterte Tryggheim-eleven skapinga, slektslinjer og personifikasjonen av det vonde i Silmarillion og Det gamle testamentet. Kristine viste publikum både engasjement og innsikt då ho heldt det gjennomarbeidde foredraget sitt.

Dei fem andre finalistane kom frå Vågen vgs. og Stavanger Katedralskole. Vågen-eleven Ingaler Borg frå Bryne vann årets fordjupingsmeisterskap med oppgåva «Et illustratørstudium».



Kristine Handegård Viste framførte fordjupingsoppgåva si i norsk på Garborgsenteret på Bryne.

Lokalpressen knipsa bilete av finalistane i fordjupingsmeisterskapen.



## I-landsproblem i kø

■ Tekst: Knut Handeland

■ Foto: Jack Pendarvis

Førre utgåve melde frilyndt at Tryggheimklaveret stod framfor ei helsereise til Polen frå medio mars. Same bladstykkje lova oppfølging av saka, og her kjem ho. Ferske vitneprov slår fast at klaveret framleis står på scena, det har knapt rikka seg sida sist, med eit atterhald for ein sekvens med hard speling under 1. mai-møta då det tydeleg såg ut til å ville rømma. Kvifor denne utsetjinga, spør folk, dette er jo ei alvorleg krenking. Sanninga er at formidlaren av den private helsetenesta inga

forklaring har, det berre er slik. Tilstanden er altså kontingent; logisk mogeleg, men ikkje naudsynt, så her skil klaveret lag med til dømes tyngdekrafta, men diverre for dei som skal bere det ut skil dei berre lag i analogien.

I denne saka er det mange offer, me kan ikkje nemne dei alle, tangent for tangent, men når ein tek det inn over seg vert ein klar over at me har eit problem med så mange fasettar, nivå og ein kompleksitet så intrikat at det vil vere umusikalsk å lage eit offerhierarki der misnøye med plasseringa for nokon berre ville bli ei ny krenking. Ein må nøye seg med å konstatere



at i-landsproblem er verkelege problem. På same måte som agurknytt kan vere verkeleg nytt.

Me følgjer spent saka vidare, utfallsrommet er uoversiktleg, og viss ikkje det har skjedd dramatiske ting i mellomtida, vil me forsøke å skape oversikt ved å analysere stoda spelteoretisk, spesielt via omgrepa pareto-optimalisering og Nash-likevekt.

# Prehodium for ein draum

Midt i den musikalske familien Dirdal var det vesle Ida Celine som heldt ut med dei lengste øvingsøktene, og står no, mange år seinare, framfor ei utdanning der musikken verkeleg skal få spela førstefiolin.

■ Tekst: Sofie Braut

■ Foto: Privat

Når Tryggheimhelsing møter henne, kjem ho rett frå ei lang tentamensøkt, konstaterer at skrivedagen kunne ha gått langt betre, men er eit stort smil og klar til å snakka om livet som fiolintalent. Tryggheim har nemleg ei ordentleg musikarspire, ho heiter Ida Celine Dirdal og er russ i vår. Ida Celine er rett nok ikkje heilt komfortabel i rolla som talent, men det er ikkje ein merkelapp ein musikkukunnig hobbyreportar har teke heilt ut av det blå. Lura-jenta har nemleg prøvespelt seg inn i både Statoils prestisjefylte talentprogram, der ho i fjor fekk spela med og diverse oppfølging frå Stavanger symfoniorkester, og no sist har ho altså greidd krava til opptak på Norges Musikkhøyskole (NMH), der ho til hausten skal i gang med eit fireårig Bachelorprogram.

*Ida Celine Dirdal er klar for å følgja musikkardraumen.*



*Ida Celine i aksjon på fiolin.*

Ida Celine er altså verkeleg eit talent, men kledeleg beskjedne på eigne vegner. At ho er streng med seg sjølv, har ho fått høyra før. - Eg likar ikkje når ting vert ståande halvgjort, eg legg arbeid i det eg driv med, det bør jo bli perfekt ... eller i alle fall skikkeleg bra, ler ho. Godt-nok-trenden har dermed ikkje heilt fått innpass hos Sandnes-jenta, som reflekterer rundt dette at det faktisk trengst eit visst driv for å utvikla seg innan musikk. - Nei, eg er ikkje så nøgd alltid..., tilstår ho ærleg, eg tenkjer vel at dei som heile tida er så nøgde med spelinga si, dei kan sikkert få det bra til, men... Ho let det henga litt i lufta. Lange timar med terping og pussing på detaljar er i alle fall hennar oppskrift. Heime vert ho kasta ut av stova om ho er aldri så mykje ei stigande stjerne, og ho har ei viss forståing for at fellesarealet og familiefreden kanskje bør skånast litt. Det vert mykje repetisjon og mange timar, minst to-tre til dagen om ho skal vera der ho vil.

Om motivasjon kan Ida Celine fortelja mangt, ho har nyleg forfatta lange motivasjonsrefleksjonar i samband med søknadsprosessen, og har måtta setja ord nettopp på dette. Ho vert motivert av gode ord og av å få ting til. Av å nå mål, slik ho har gjort med prøvespeling og opptak til ein av Noregs beste musikkutdanningar. Ja, slikt motiverer henne, men ein anar også at ho har ein indre driv til å koma vidare og følgja draumen. For det er vel draumen ho nå er i ferd med å kasta seg ut i? - Av og til spør eg meg sjølv om musikken berre har blitt ein vane, men eg veit jo at bak alle slitsame øvingstimar så er det noko som berre er kjekt, så... ja, eg føler eg står på starten av det eg har drøymt om,

forklarer fiolinisten, som over sommaren set kursen til hovudstaden og eit flunkande nytt tilver. Ho kjenner ingen andre som skal starta på NMH, og er spent på alt saman. - Det er svært høgt nivå, og ein tek for eksempel for gitt at eg kan spela piano, ler ho, og satsar på å få trena opp fingerferdigheiter nok til å traktera tangentane greitt i løpet av sommaren. Dessutan har ho fått vita at ho er blitt tildelt høgskulens strengaste lærar, noko som truleg ikkje gir dei lågaste akslene i starten. Men smilet hennar røper at det er stor stas, og midt i all spenninga er det som dominerer forventninga om å læra, om å få strekka seg og verkeleg få utforska talentet ho har fått.

Kva med hennar eigen favorittmusikk? Ho har absolutt ei heilt «normal» Spotify-liste, forsikrar ho, men høyrer nok ein god del meir på klassisk enn russ flest. Og så har ho ei favorittnisje. For det finst nemleg musikk som Ida Celine både elsker å sovna til, og som på dagtid får auga hennar til å skina. Me snakkar filmmusikk. Klassiske lydspor til film fascinerer henne stort, og om ho berre kunne ha valt eitt orkester ho kunne gå rett inn i, vart det kanskje eit i Los Angeles, som spesialiserer seg på stor filmmusikk... Ho er ein snartur over Atlanteren i tankane, men finn fort fotfeste i kvardagslege realitetar att. For heimekjær, det er ho også. Å venda fiolinbogen vestover etter fullført utdanning ville slett ikkje vera feil. - Å få ein plass i Stavanger symfoniorkester, er også ein draum, vedgår Ida Celine, og legg til at ho ein gong i framtida godt kan tenka seg å undervisa små fingrar i å trylla tonar av fiolar. - Nokre seier det er eit litt lågt mål, men...

Vel, høgt eller lågt, det fester seg unekteleg som ein nydeleg slottsats: at det unge talentet på terskelen til topputdanning og med kurs for karriere, allereie tenkjer på korleis ho kan gje vidare av musikkentusiasme, innlemma andre i musikkmysteriet - ja, rett og slett dela av det talentet ho har fått.

# Misjonsløp for Elfenbeinskysten



Straks klare til misjonsløp.



Godt driv under misjonsløpet.

- Tekst: Håkon Haugland
- Foto: Martin Egil Fuglestad

Torsdag 3. mai løp nesten 230 ungdomsskuleelevar i sol og fint vær i 75 minutt. Før løpet hadde elevane skaffa seg sponsorar som gav faste beløp, eller eit beløp per runde eleven fullførte. Inntektene frå løpet går til prosjekta skulen støttar i Elfenbeins-

kysten: evangelisering og utdanning for barn og ungdom. Eit skuleår på «speed school» i Abidjan kostar ca. 200 kroner, og dei tala me har fått inn i skrivande stund (nokre få klassar manglar) viser at elevane allereie har samla inn over 200.000 kroner. Det betyr 1000 skuleår, eller at kvar elev på Tryggheim ungdomsskule i snitt har bidrege til fem skuleår i Elfenbeinskysten! Tusen

takk for den flotte innsatsen til elevane, og til alle som har vore ivrige sponsorar! Det er vanskeleg å setja ord på kor mykje dette kan bety, men hugs på at tusen ungar i Abidjan nå får koma på skulen, dei får læra å lesa og skriva, og dei kan få skapa si eiga framtid.

## Betre lærar? I alle fall meir bevisst og reflektert!

- Tekst: Håkon Haugland

**Dei siste åra har det vore ei sterk nasjonal satsing på vidareutdanning av lærarar. Også på Tryggheim ungdomsskule er det mange som har teke vidareutdanning, nokon for å byggja på fag dei allereie har utdanning i, andre har teke fatt på nye fag. Styresmaktene har innført krav til kompetanse innan faga lærarane underviser i. For å vera godkjent til å undervisa i norsk, matematikk og engelsk, må ein ha minst eitt års studium i faget.**

I satsinga Kompetanse for kvalitet kan lærarar få 37,5% redusert arbeid mot at ein studerer 50%. Staten og eigaren av skulen deler lønnskostnaden for dei reduserte 37,5 prosentane, så dette er også eit stort løft for Tryggheim.

Tron-Arild Grødem er leiar ved ungdomsskulen, og seier at det er positivt med breiare kompetanse i personalet. Mange er villige til å gå i gang med vidareutdanning, og for å nå opp til dei nasjonale kompetansekrava vil nok ungdomsskulen ha lærarar med på Kompetanse for kvalitet så lenge satsinga varer. Hilde Merethe Viste, Ellen Hobberstad Olsen og Eli-Anne Svendsen har vore med på vidareutdanning dette skuleåret. Dei seier dei har hatt god nytte av vidareutdanninga. Både Ellen (norsk) og Eli-Anne (matematikk) har gått i gang med fag dei ikkje har i grunnutdan-

ninga, medan Hilde byggjer på til ei årseining i norsk. Motivasjonen var nok ikkje på topp i det dei starta, men ønske om å ha fleire bein å stå på, tilfredsstillast dei offentlege krava for å vera godkjent lærar, bli tryggare i faget, at ein liker å studera og å halda seg i gang etter andre studium er grunnar dei held fram for at dei gjekk i gang med studia.

I dag er dei samstemde i at vidareutdanninga er særst nyttig. Hilde seier at motivasjonen var laber før start, men at det snudde allereie etter første studiesamling. Spennande førelesningar, dyktige fagfolk, samtalar med andre studentar og ei undervisning som har sterk fokus på det som skjer i klasserommet er viktige årsaker til at ho nå er veldig glad for at ho gjekk i gang med studiet. «Eksamen er jo stritt, men elevane har fått vera med på mange artige opplegg som eg skulle prøva ut som ein del av studiet,» seier Hilde.

Eli-Anne har også hatt undervisning med vekt på å gjera matematikkundervisninga meir praktisk, og elevane har fått vera med på både sannsynsrekning og algebra med praktisk orientering. Ellen vil på si side gjerne oppmoda andre lærarar til å gå i gang med vidareutdanning. «Dei praktiske ordningane rundt er veldig gode, og det er bra at me blir tryggare på det me driv med i klasserommet. Undervisning, rettleiing og tilbakemeldingar me gir elevane blir betre av at me har auka



BildetekstXXXXXXXXX

den faglege kompetansen vår, så dette må me halda fram med.»

Når eg spør om dei har blitt betre lærarar av vidareutdanning, seier Hilde: «Det er vanskeleg å vurdere om eg er blitt betre, men eg er i alle fall blitt meir bevisst og reflektert!» Så til deg som les dette bladet, om du er elev, tilsett ved skulen, tidlegare elev, eller kven du måtte vera: på Tryggheim ungdomsskule finn du ein god gjeng lærarar som er opptekne av å utvikla seg sjølv og utvida kompetansen sin. Ikkje berre for at styresmaktene skal vera nøgde når dei kjem på tilsyn, men fordi det er positivt for den enkelte lærar, og kompetansen smittar vidare på kollegar og elevar, og gir auka kvalitet på undervisninga på skulen vår.

# Ryddedag langs Jærstrendene



God innsats med å holde naturen ren. Inntekten går til misjonsprosjektet i Elfenbenskysten.



Søppelhenting med godt humør. F.v. Sofus Gauksås og Erlend Stokka.

■ Tekst: Kristina Lodden Flatebø  
■ Foto: Bjørg Viste og Kristina Lodden Flatebø

Våren har så vidt begynt å vise seg og 8. klassingene fra Tryggheim ungdomsskule var onsdag 2. mai klare for å gjøre en dugnad for miljøet. Fire klasser, åtte voksne og tre hunder fordelte seg, halvparten fra Obrestad havn og resten fra Nærland strand. Vi gikk langs strandlinjen på leting etter ting som ikke hører hjemme i naturen. Regnet holdt seg hjemme denne dagen, mens vinden kom og holdt oss med selskap, som seg hør og bør her på Jæren. Man

vet at det havner mye søppel i naturen, men så blir man litt overrasket når man kommer ut og ser hvor mye som egentlig ligger der, da spesielt mellom rullesteinene. Det som gikk igjen var plast - mye plast. Plastflasker, plastrør og plastdunker. Andre ting som hadde blitt forlatt ute var bildekk, piggråd, garnrester, isopor, en skurebørste, tre krabbeteiner, og to ulike par sko. Vi fant også en død sel og fugl. De fire klassene møttes på midten, på Hå gamle prestegård. Etter å ha samlet alt søppelet, grillet vi pølser, lekte og koste oss sammen.



Mye søppel å finne i fjøra.



Firbent hjelp under strandryddingen.



To av guttene fra 8. klasse som var med å ryddet stranden. F.v. Simon Teich og Bård André Hauge.



Om du nå tar turen mellom Obrestad og Nærland, legger du nok merke til at det er fint ryddet!

## Leiarhjørnet

Tron-Arild Grødem

## Tilsetjingsfridom

Friskulane i Noreg har ei svært viktig oppgåve. Friskulane er godkjende av utdanningsdirektoratet og skal driva i samsvar med Friskulelova og dei forskrifter som fylgjer med dette.



### I grunnlaget for skulen står det:

Det er foreldra som etter Bibelen har plikt til å oppdra borna sine. Det er ei ordning som er villa av Gud og som gjeld for alle typar samfunnsordningar. Tryggheim ungdomsskule ynskjer å hjelpe foreldra til å gje borna ein livskurs i samsvar med den kristne trua. Skulen har eit dobbelt føremål. Det eine er å forkynna evangeliet for elevane og det andre er å gje opplæring og undervisning ut frå eit kristent menneskesyn.

### I Verdidokumentet til NLM står det:

«Dei som arbeider på skulen er viktige førebilete for elevane både på skulen og privat. Ein skal på ein positiv måte hjelpe elevane med dei utfordringane som livet gjer. Det inneber at ein viser elevane respekt og bidrar til at dei utviklar eit sunt sjølvbilete. Alle menneske er skapt i Guds bilete og har derfor same menneskeverd. Dette inneber at sjølv om det kan vera store skilnader og føresetnader hjå kvar einiskild er alle like mykje verd. Gud har bruk for alle i sitt skaparverk og det forpliktar alle til å sjå det positive i kvar einiskild.»

Det problematiske oppstår når institusjonar og politikarar i Noreg hevdar at det ikkje kan vera opp til friskulane å kunne spørja om livssyn i samband med tilsetjingane. Somme institusjonar går så langt at dei bryt alt samarbeid med friskulane. Dette gjer dei fordi dei hevdar at friskulane diskriminerer personar når dei lar vera å tilsetja dei, sjølv om personane lever og står for noko anna enn det som skulane ynskjer å stå for.

Eg tykkjer det er svært urimeleg at somme institusjonar behandlar friskulane på ein slik måte. Tilsetjingsfridom er ein føresetnad for å kunne driva i samsvar med godkjenninga og føremålet med skulane. I boka Tusenfryd. Skolefrihet og menneskeretter, utgitt av Kristne Friskolers Forbund (2003), blir det referert til eit intervju med Lars Gule, som den gong var generalsekretær i Human-Etisk Forbund. Han uttalte seg generelt om tilsetjingsfridom i livssynsbaserte verksemdar: «Religiøse samfunn og livssynssamfunn skal ha utstrakt frihet i et demokrati. De må få mulighet til å virke i samsvar med sin egenart. Skal dette skje, er det helt nødvendig at de får tilsette mennesker som selv er engasjert av og forpliktet på disse virksomhetenes tros- eller livssynsgrunnlag. I det offentlige liv ønsker vi et fritt arbeidsmarked, der alle kan søke, og få stillinger med grunnlag i relativt objektive kriterier som utdanning, praksis og personlige kvalifikasjoner. Også innen det private næringsliv er det rimelig at det ikke skjer noen diskriminering på usaklig grunnlag. Men ingen kan gjøre krav på en bestemt stilling innenfor livssynsbasert virksomhet. Her må det være tillatt å forskjellsbehandle, nettopp for at tro og livssyn ikke skal bli diskriminert. Og det må være virksomhetene selv som setter opp hvilke krav av livssynsmessig karakter som de vil stille til de ulike stillingene.»

Det er viktig for friskulane at tilsetjingsfridomen blir halden i hevd. Det handlar om at me skal kunne vera eit alternativ og eit supplement til den offentlege skulen. Det er viktig for friskulen, for dei tilsette og for elevane at me får vera ein del av storsamfunnet. Skal mangfaldet få leva, må ein få behalda tilsetjingsfridomen.

# Med høy logrefaktor og nese for narkotika

Med halen høyt til værs begynner Ares snuserunden. Over 20 spente elever står helt stille og lar den svarte, logrende hunden lukte rundt på dem. Plutselig stopper hunden ved en elev med oppbrettet buksekant. Halen går fortere, og snusingen tiltar i styrke.

■ Tekst og foto: Anne-Berit G. Aanestad

- Flink bisk! sier matmor og ansatt i kriminalomsorgen, Randi Kristoffersen. Hunden har markert for narkotika. Heldigvis er dette bare en øvelse. Fem, seks av elevene i 1STb har fått plantet bl.a. hasj, amfetamin og kokain forskjellige steder på kroppen – helt frivillig, selvfølgelig – for å hjelpe til med opplæring av narkotikahunder. Med jevne mellomrom kommer de to ansatte i kriminalomsorgen, Randi Kristoffersen og Roald Stranden, med hundene sine til Tryggheim for å trene dem i å finne stoff. Og elevene stiller villig opp.

Første øvelse er leting på stillestående folk. Alle elevene står i en halvsirkel, og de som har fått stoff plantet i lommer eller inni bretter og folder i klærne er spredt rundt blant de andre. Så blir det mer avansert for hundene, og den som har stoffet skal begynne å gå rolig ut av rekken for å se om hunden følger etter. Til slutt deles elevene inn i smågrupper som skal sitte rundt omkring, og hundene skal prøve å skille ut den i gruppen som har stoffet på seg.

Etter godt over en time med søk er hundene slitne.

- Dette er hard mental trening for dem, forklarer Roald og klapper sin ni år gamle Disa, som har vært i narkohundbransjen siden hun var to år.

Og mens hundene får gå og hvile i bilene, samler vi andre oss i kantinen der Randi og Roald forteller litt mer om hva jobbene deres går ut på, og elevene får stille spørsmål.

- Det er fire statlige etater som arbeider med narkotikahunder, forteller Roald: Tollvesenet, politiet, fengselsvesenet og forsvaret. Ingen som ikke arbeider innenfor en av disse etatene kan søke om å få drive opplæring av narkotikahunder.

Randi forteller at en narkotikahund først må læres opp i to år, og deretter må hund og fører hvert år igjennom en prøve for å vise at de er gode nok. Men allerede når de er ti-tolv måneder gamle, går hunden gjennom en mental trening.



Har den personen noe på seg?

- Kan man bruke alle slags hunder, eller er det bare spesielle hunderaser som kan trenes opp?  
- I utgangspunktet kan nesten alle hunder brukes, men vi ser lett allerede på valpestadiet hvilke individer som vil egne seg, sier Roald.  
- Men en hund som f.eks. puddel er kanskje ikke så aktuell?  
- Å jo, pudler er en undervurdert rase! De er faktisk opprinnelig jakthunder, men sånn som de blir utspjåket og dullet med – jeg blir av og til helt kvalm av å se det, sier Roald med ettertrykk.  
- Er det en kjekk jobb?  
- Å ja, vi trives veldig godt i dette yrket, selv om dem vi arbeider blant kanskje ikke er like begeistret for det vi gjør, humrer Roald.  
En elev lurer på om hundene også kan finne stoff som er gjemt inni kroppen, f.eks. i magen, og får til svar at det kan de.  
En annen lurer på hvordan hundene blir plukket ut, og Randi forklarer.

- Tidligere ble de plukket ut tilfeldig, og da var det kanskje bare én av ti som bestod prøvene og til slutt ble godkjent. Nå foregår utvelgelsen på en annen måte, vi ser allerede på valpene hvilke som kan egne seg og ikke, og mange flere består. En hund som skal brukes som narkotikahund må gjennom elleve forskjellige øvelser. Den skal kunne finne stoff i biler, i store lagerhaller, i garderobeskap, i leiligheter osv. Det tyngste for hundene er å søke på folk.

De elevene som har hatt narkotiske stoffer gjemt i klærne får vite at hvis de skal ut å fly akkurat i kveld, kan det hende de blir stoppet i sikkerhetskontrollen hvis det er en narkotikahund der. Men ingen av elevene har planer om en umiddelbar flytur, så det skal ikke bli noe problem.

Til slutt får alle en streng formaning med seg på veien om aldri å rote seg bort i noen som helst form for narkotika.



Hva har vi her, tro?



Schäferhunden Disa har funnet noe.



Å, så flink!



I 2011 vant Randi nordisk mesterskap for Kriminalomsorgens narkotikahunder med labradoren Å2. Foto: Kriminalomsorgens hundetjeneste.



# Årets misjonsprosjekt: Indonesia



Indonesia består av 26 millioner innbyggere, og er det landet i verden med flest muslimer. Her går store deler av arbeidet til NLM ut på å styrke de kristne og motivere til misjon. Dette er russens og elevrådets misjonsprosjekt i år, men hva går egentlig pengene til?

■ Tekst og foto: Andrea Apeland Gonzales og Ingrid Ruud

Indonesia er et øyrike som består av 13 677 øyer, hvor omkring 6000 er bebodd. På grunn av styresettet er det ikke lov med evangelisering, noe som gjør arbeidet utfordrende.

På Tryggheim er vi så heldige at vi får være med på å samle inn penger til NLM sitt evangeliserings- og bistandsarbeid i Indonesia. Ved hjelp av penger kan vi være med på å gjøre en stor forskjell, hvor flere mennesker i Indonesia kan få bli kjent med Jesus.

I november var vi seks elever fra Tryggheim, Drottningborg og Vestborg som reiste for å bli kjent med arbeidet i Indonesia. Vi bodde i byen Medan, der NLMs hovedkontor i Indonesia ligger. Det var en utrolig spennende og intens uke hvor vi fikk oppleve mye på kort tid. Dagene gikk med til å besøke de ulike prosjektene i nærområdet, og vi fikk lære mer om dem. Vi fikk også en smak av Indonesias praktfulle natur, med blant annet jungeltur og vulkantur til Mt. Sibayak. Vi fikk også være med på ulike lokale og internasjonale gudstjenester. Videre fikk vi smake på en hel del spennende retter som en kan få kjøpt på gata i Indonesia. Noe av det vi spiste var frosk, øgle og slange, noe som skapte en akutt hjemlengsel hos enkelte av oss. Noen av oss var nok litt skeptiske til å smake, men vi endte opp med å teste det ut alle sammen!

Første dagen reiste vi til den teologiske høyskolen Abdi Sabda der NLM bidrar både økonomisk, og med veiledning og undervisning. Vi fikk være med på en studentgudstjeneste, der vi sang en norsk sang med bevegelser. Etter gudstjenesten fikk vi omvisning rundt på området og internatene av to elever. Her fikk vi se et nytt internatbygg som var bygd med blant annet penger fra NLM vgs sine tidligere misjonsprosjekter. Videre fikk vi høre om planene om utvidelse, som blant annet skal realiseres ved hjelp av pengene vi gir. Ved å støtte misjonsprosjektet bidrar vi



*Ingrid Ruud (nr. to fra venstre) var en av avgangselevne ved Tryggheim som fikk reise og oppleve NLM sitt arbeid i Indonesia.*

økonomisk til å bygge en ny kantine. Kristne er en minoritetsgruppe i Indonesia og derfor er det veldig viktig å utruste dem. På teologiskolen Abdi Sabda får de undervisning som kan utruste dem og engasjere til misjon.

Senere i uken besøkte vi et rehabiliteringssenter for mentalt syke. NLM arbeider for å redusere stigmatisering og bedre behandlingstilbudet for psykisk syke i Indonesia. Dette er et svært meningsfylt arbeid som har hatt stor forbedring etter at NLM kom. Her har de fokus på å møte de svakest i samfunnet med respekt, verdighet og kjærlighet. Før NLM tok del i arbeidet, var de syke på dette rehabiliteringssenteret gjemt vekk og glemt av samfunnet, hvor de store deler av dagene sov uten mulighet til å utrette noe. Ved hjelp av veiledning til ansatte har NLM gitt dem en ny mulighet og verdighet, hvor de gjennom arbeidstrening og aktiviteter aktivt kan ta del i samfunnet på nytt. Noen av aktivitetene de får være med på er ulike typer sport, lage såpe og smykker og dyrke kål. Mange av beboerne får senere lov til å være med på å selge disse produktene. Da vi kom til rehabiliteringssenteret, ble beboerne svært begeistret og glade, og ønsket å ta bilde sammen med oss. Denne dagen gjorde nok mest inntrykk på oss, hvor vi fikk være med beboerne på forskjellige aktiviteter. Her spilte vi både fotball, volleyball og badminton, og slik fikk vi kontakt uten å kunne indonesisk. Det var utrolig kjekt å se hvordan de strålte og lo når vi spilte volleyball med dem, og her fikk vi virkelig sett hvor mye NLMs arbeid betyr for den enkelte. NLM driver et variert arbeid i Indonesia. På



*Volleyball på rehabiliteringssenteret.*

grunn av store avstander og mange sensitive områder fikk vi ikke besøke alle prosjektene NLM driver. Likevel fikk vi et godt innblikk i de mange ulike måtene NLM bidrar på. Ved å ha fokus på helse, hygiene, jordbruk, fiske- og leseopplæring ønsker NLM å styrke lokalsamfunn. Videre ønsker NLM i samarbeid med statlige instanser å bidra til et forbedret tilbud for psykisk syke og reduksjon av stigma rundt psykiske lidelser. NLM arbeider også i kirkepartnerskap for å mobilisere den nasjonale kirken og for å nå lenger ut med evangeliet. Barn og ungdom er høyt prioritert, og slagordet "Christ for kids" har blitt viktig og det gis blant annet undervisning til søndagsskolelærere.

Med tanke på at Indonesia er landet med flest muslimer og det faktum at det ikke er lov med misjonering/evangelisering, er arbeidet blant muslimer utfordrende. Mye av arbeidet blant muslimer handler om å bygge tillit og nære relasjoner. Utsendingene i Indonesia ønsker å være et lys for Jesus gjennom liv og gjerninger.

Gjennom dette året får vi en mulighet til å bidra med pengestøtte slik at NLM kan fortsette å drive arbeidet i Indonesia. NLM sin visjon er "verden for Kristus", og vi ønsker å bidra til at flere mennesker i Indonesia kan få ta imot Jesus. Vi håper at akkurat DU ønsker å ta del i dette og blir med på å støtte Indonesia!

# Misjonsløpet i bilete



Startskotet går i Nærbø sentrum.



**HARD-HAUS:** Torleiv Haus var den beste læraren i misjonsløpet. Han passerte 24 rundar på 1,1 kilometer og sprang inn over 3000 kroner til misjon og bistand i Indonesia.



**UTE MED SKADE:** 487 er ikkje talet på etne isar, men startnummeret til undervisningsleiar Geir Magne Karlsen, som ikkje kunne springe misjonsløpet i år på grunn av ein skade.



**ORDFØRAR OG HARE:** Jonas Skrettingland kasta glans over arrangementet og sprang ein runde i årets misjonsløp.



**ÅRETS OG FJORÅRETS BESTE:** Vg2-eleven Stein Erik Hauge (t.v.) sprang totalt 26 rundar på 1,1 kilometer og slo fjorårets vinnar, Vg3-eleven Lars Olav Rege.



**TELJEKORPS:** Magne Stokka (t.v.) og Anthony Ho-Yen var blant dei mange lærarane som talde rundane til deltakarane.

500 deltakere stilte bak startstreken da Hå-ordfører Jonas Skrettingland (KrF) sprang i gang årets misjonsløp i Nærbø sentrum mandag 30. april. I løpet av to timer mosjonerte elever og lærere inn over 630.000 kroner til misjonsprosjektet i Indonesia.

Tekst: Henrik Foss

Foto: Tårn Helge Helgøy



**BESTE JENTE OG BESTE INNSAMLAR:** Vg1-eleven Hanna Samdal sprang 22 rundar i løpet. Vg3-eleven Ole Anders Nødland blei sponsa med over 16.000 kroner og var beste pengeinnsamlar.



**RASKE MENN:** Det var stor spenning om kven som skulle springe flest rundar i årets misjonsløp. Vinnaren blei vg2-eleven Stein Erik Hauge (raude striper).



**REKTOR:** Gjermund Viste stilte som vanleg i misjonsløpet. Det same gjorde informasjonsrådgjevar Elise Haugland frå hovudkontoret til Norsk Luthersk Misjons-samband.



**PRESIDENT:** Russepresident Karl Fredrik Øgaard (t.v.), medruss Vegard Soteland og andre raudklede skapte stemning under misjonsløpet.

## Tryggheimkalender

### JUNI

Tors. 7. og tirs. 12. Muntlig eksamen  
Fre. 15. Avslutningsfest kl. 18.00  
Fre. 22.-lør. 23. Elevstevne

### AUGUST

Lør. 18. Åpningsfest og første skoledag for VG1

### SEPTEMBER

Ons. 12.-fre. 21. VG2-tur Europa og Israel

### OKTOBER

Man. 8.-fre. 12. Høstferie

## TRYGGHEIMHELING

### Redaksjonskomité:

Kjartan Håland (redaktør)  
Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)  
Sofie Braut  
Henrik Foss  
Knut Handeland  
Bjørn Topnes  
Håkon Haugland (ungdomsskolen)

Kasserer: Elisabeth Krogedal

e-post Tryggheim skular: [post@tryggheim.no](mailto:post@tryggheim.no)

Bladet koster kr 100,- pr år.  
Kontonr.: 3000.23.29626

Trykk: Lura trykkeri AS  
Layout: Tubb (Oddbjørn Myklebust)

## Visste du at...

Tryggheimhelsing ønsker sine lesere en god og varm sommer.



Liv Jess Langås (ST 12-15) og Ole Martin Bønes giftet seg 14. oktober.

Øystein Klippen (1STc 17/18) ble norgesmester i juniorklassen i bordhockey i april.

Vi gratulerer, og ber dere fortsette å tipse oss om folk som bør være med på denne listen. Send e-post til [aaanestad@tryggheim.no](mailto:aaanestad@tryggheim.no), SMS til 906 52 360 (Kjartan H.), eller ring eller skriv til skolen (husk årstall og gjerne klasse!).

# WAKE ME UP

Et av læreplanmålene i kristendomskunnskap for vg1-elevene er at de skal vise hvordan Bibelen og kristen tro gjennom misjon påvirker liv og kulturer i dag.

■ Tekst: Ole Johnny Møyholm  
■ Foto: Tårn Helge Helgøy

I år valgte vi å løse dette ved å sette av en halv skoledag med overskriften «Misjon». Generalsekretær i NLM, Øyvind Åsland, kom og gav et innledningsforedrag om misjon nå og fremover. Han hadde først en samling for alle vg1-elevene som deretter ble fordelt til ulike møteplasser hvor de fikk fordype seg i et av de mange land og områder som NLM driver misjonsarbeid i. Elevene ble «sendt» til Japan, Peru, Bolivia, Etiopia, Tanzania, Stor-Kina, Kenya, Mali og Indonesia.

De to siste skoletimene denne dagen brukte elevene til å bearbeide informasjonen og innspillene de hadde fått med tanke på å presentere dette for sine klasser. Øyvind Åsland hadde i tillegg en samling for alle elever på vg2 og vg3, og ansatte som hadde mulighet til det. Han begynte med å vise til teksten i låten «Wake me up» av Avicii (Tim Berling, 1989-2018). Dette er en tekst som har rørt en hel verden. Låten har hatt 1,5 milliarder visninger på YouTube. Avicii sier i teksten:

**«Feeling my way through the darkness  
Guided by a beating heart  
I can't tell where the journey will end  
But I know where to start  
They tell me I'm too young to understand  
They say I'm caught up in a dream»**  
Og fortsetter: **«I tried carrying the weight  
of the world  
But I only have two hands  
Hope I get the chance to travel the world»**



Generalsekretær i NLM, Øyvind Åsland, holdt foredrag om misjon.

Avicii synger om en ung mann som føler seg fram gjennom livet og som prøver å finne meningen med livet. Han kjenner ansvaret for verden, men har bare to hender. Det var dette noen unge kvinner kjente på da de hørte Sivert Gjerde (1869-1891) fortelle på et møte i Bergen Indremisjon at det hver dag dør 33 000 kinesere uten at de hadde fått høre om Jesus. Dette skapte en brann i de unge hjertene som bidro til at NLM ble stiftet året etter, i 1891, med visjonen om å bringe evangeliet til Kina. En ung mann ble begynnelsen til en bevegelse som har forkynt Jesus til millioner av mennesker helt til i dag, og som vil fortsette å gjøre det i fremtiden.

NLM har i dag 130 utsendinger som arbeider i 15 forskjellige land. Øyvind Åsland sa

at NLM vil være midt i de store folkevandringerne vi ser i vår tid og ikke minst i de store byene som stadig vokser mange steder i verden. «Vi er rastause», sa han, og derfor «er vi på jakt etter nye oppgaver». En har sagt at misjon har to vinger – akkurat som et fly eller en fugl. Falleren vinger bort, stopper misjonsarbeidet. Vingene er evangelisering og diakoni. Misjon er helt avhengig av begge deler, understreket Øyvind Åsland, og oppfordret elevene til å bli fagpersoner som kan arbeide over alt i verden med å bringe evangeliet til nye mennesker og generasjoner.

NLM står foran en stor prosess: Hvor vil vi være om 10 – 20 år? Verden er i stadig endring. NLM vil være midt oppe i dette med evangeliet som ikke forandrer seg.